



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.02.2015
Vår ref.: 2014/24797-3
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - landbruksveg kl 4 - Tyborgneset - Lindås kommune

Vi viser til søknad datert 19.12.14 vedrørende bygging av landbruksveg på Tyborgneset i Lindås kommune. Søknaden gjeld anlegging av landbruksveg kl 4 i ei lengde på 2200 m. I vårt brev datert 05.01.15 meldte vi at det var naudsynt å gjere ei synfaring, eventuelt ei mindre arkeologisk registrering, for å kunne gi fråsegn til søknaden.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i delar av omsøkt vegtrasè 25.02.15. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi. I areal opp til om lag 25 moh kan det vere eit visst potensiale for funn av hittil ukjende steinalderbuplassar. Vi vurderer imidlertid ikkje potensialet som så høgt at det er trong for å gjere ytterlegare registreringar i området.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og å straks melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein under gjennomføring av tiltaket skulle støyte på funn av automatisk freda kulturminne, jf § 8,2. ledd i kulturminnelova. Slike funn kan til dømes vere trekolkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar eller reiskapar og gjenstandar av flint eller annan bergart, m.m.

Vi ber vidare om at eventuelle kulturlandskapselement som steingardar, tufter, gamle ferdslveggar og liknande blir teke omsyn til, slik at slike ikkje blir utsett for unødig skade og inngrep.

Med helsing

Elisabeth Bjørsvik
Fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.